

# Velforeningers erstatningsansvar på dugnad

**Dugnaden er kanskje noko særnorsk og ein flott måte å dra lasset saman på, og det er både billeg og triveleg. Men kven er erstatningspliktig når dugnadsdeltakarar påfører skade på seg sjølv, andre personar eller framand eigedom? Preget av frivillig innsats og mangel på lovgjeving og avtale gjer det erstatningsrettslege farvatnet uklårt.**

*Tekst: Steinulf Tungesvik, advokatfullmektig, Advokatfirma Kluge DA*

Utgangspunktet for at spørsmålet oppstår er at det skjer ein skade som skuldast at ein dugnadsdeltakar har opptredd akklaust. Det kan gjelde skade både på ting og personar, både internt i velforeninga og på nabo. Eksempelvis kan ein deltakar under snikkararbeid misse material i hovudet på ungar som leikar på staden. Her er den uvørne "snikkaren" i utgangspunktet erstatningsansvarleg. Men kan velforeninga vere ansvarleg i staden eller i tillegg, slik at dugnadsdeltakaren slepp å betale?

## Identifikasjon

Det juridiske uttrykket for foreiningas ansvar er identifikasjon (med den eigentlege skadevaldaren). Spørsmålet om høve til identifikasjon er ikkje lovregulert, og må derfor løysast ut frå ulovfesta prinsipp. Det liknar på det lovfesta prinsippet om arbeidsgjevarar erstatningsansvar for erstatningsutløysande feil gjort av ein tilsett (skadeserstatningslova § 2-1), men forskjellane i form av svakare tilknytning mellom foreining og dugnadsdeltakar og det faktum at arbeidet ikkje skjer med eit kommersielt føremål gjer at arbeidsgjevaransvaret ikkje kan leggjast til grunn analogisk. To grunnleggjande vilkår må vere tilstades for å føreta identifikasjon. Det må vere såkalla personell og sakleg tilknytning mellom velforeining og skadevaldar/skadehandling. Den personelle tilknyttinga ligg i medlemskapen, og det tilseier ikkje ei sterk tilknytning. Den saklege tilknyttinga ligg i kor tydeleg den skadevaldande handlinga er utført for fellesskapen, i foreiningas interesse. Dette indikerer at det vil vere skilnad mellom ulike "dugnadshandlingar".

## Ekstra strenge krav

Fleire forhold talar imot eit ansvar for ei velforeining som dugnadsarrangør. For det første er det tale om ideell og ikkje-kommersiell aktivitet. Dette kan variere noko etter storleiken på oppgåva dugnaden skal løyse og karakteren til foreininga, men normalt sett er det økonomiske omfanget lite. Det er ikkje innlysande at ei foreining med eit slikt føremål skal svare for ein privatpersons erstatnings-utløysande åtferd. I utgangspunktet opptreir ein kvar for eiga rekning og risiko på fritida. For det andre kan det hevdast at skadeserstatningslovas regulering av arbeidsgjevaransvar i motsetnad til foreiningsansvar talar imot og bidreg til å stille ekstra strenge krav til den saklege tilknyttinga i foreiningsforhold.

## Skot for baugen

For det tredje kan breiare rettspolitiske vurderingar tale mot ansvar for foreininga. Dugnadsarbeid er eit gode for fellesskapen og den einskilde, og vil kunne få eit skot for baugen om dei sparsame midlane i ei foreining må risikerast når ein deltakar gjer klåre personlege feil. Det kan skape misstemning i foreininga, og mål om å dekkje opp underskot skapt på denne måten er neppe motiverande for frivillig arbeid. Ein slik regel kan også føre til at ei kvar foreining må forsikre det minste frivillige arbeid ein skal ha utført, med den økonomiske belastning for heile foreiningsvesenet som det ville føre til. Dersom på den andre sida foreininga *har* tydeleg forsikring for den type aktlause handlingar av medlemmer det er tale om, vil spørsmålet om den endelege plasseringa av den økonomiske børa vere enklare.

## **Risikofylte gjeremål**

At foreininga har sett i gang eit arbeid som er til nytte for heile fellesskapen talar for ansvar. Vidare kan vurderinga ovanfor av konsekvensane for dugnadsånda snuast i motsett retning. Dersom ein medlem blir sett til å utføre krevjande og risikofylte gjeremål på eigen risiko, vil det kunne verke demotiverande.

## **Konklusjon**

Etter dette må vi konkludere med at det må gjerast ei rimeleg avveging der løysinga berre kan finnast ut frå ei temmeleg konkret vurdering. Ansvar kan påleggjast foreininga, men berre når det er ei særleg sterk sakleg tilknytning mellom foreininga og den skadevaldande handlinga. Moment for sterk sakleg tilknytning og dermed ansvar kan vere at medlemmen var pålagt å utføre det konkrete gjeremålet som førte til skaden, at gjeremålet var spesielt farleg eller at det skadde rettsgodet var utsett for risiko i foreiningas interesse. Vurderingar av fakta i saka kan føre til foreiningsansvar i nokre tilfelle men ikkje i andre. Vi må konkludere med at det skal ein del til av slike konkrete omstende for at foreininga blir erstatningsansvarleg for skade valda under dugnadsarbeid, men at det ikkje er utelukka.